



## Notat

Dato: 09.11.2018  
Arkivsak: 2015/10348-37  
Saksbehandlar: rolrose

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål om trappeheis på snøggbåtane

På møte i fylkesutvalet den 19. september 2018 stilte representanten **Benthe Bondhus** (SP) spørsmål om ein ta vekk trappeheisen på snøggbåten til Sunnhordland, og på den måten auka passasjertalet.

Fylkesrådmannen kan opplysa følgjande:

Det er praktisk mogleg å fjerne trappeheisen, men det vil innebere endring i minstekrav som var sett i konkurransen. Det er dermed stor tvil om endringa er lovleg. Ei slik endring vil vidare redusere tilgjenge for rullestolbrukarar i båten sitt passasjerareal.

Det vert elles vist til tidlegare spørsmål om kapasiteten på Sunnhordlandsruta, seinast i fylkestinget 2. oktober (FO 15/2018).